

# Sakspapir

<b>Saksbehandler</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Jo Bjarte Tømmerbakke	FE-026	20/226

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
041/2020	Kommunestyret	PS	24.09.2020

## Interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland - delegering av mynde og val av representantar til Interkommunalt planutval for sjøareal

### Forslag til vedtak:

1. Modalen kommune vedtek å slutte seg til å delta i interkommunalt plansamarbeid om sjøareala i Nordhordland, med forslag til organisering, som beskrive i forprosjektet «Interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland» datert 05.06.2020.
2. Planmynde vert delegert i henhold til plan- og bygningsloven §§ 9-1, 9-2 og 9-3, til interkommunalt planutval for sjøareal i Nordhordland (IKPU). Dette utvalet vil då ha mynde til å varsle planoppstart, vedta planprogram og gjennomføre planprosessen fram til politisk behandling i kommunestyret i Modalen kommune.
3. Modalen kommunestyre vedtek at IKPU består av ein representant med vara frå kvar medverkande kommune.
4. Modalen kommune vel ordførar Kjetil Eikefet til medlem med varaordførar Ann-Jorunn Farestveit som varamedlem til IKPU. Utvalet konstituerer seg sjølv i første møte

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Det er mange ulike interesser knytt til bruken av sjøareala og det er behov for å sjå på forvaltninga på tvers av kommunegrensene. Regionrådet har difor starta arbeidet med ein interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland.

I «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023» er det uttrykt at kommunane i større grad må sjå på forvaltninga av sjøareala på tvers av kommunegrensene. Desse forventningane har Fylkesmannen følgd opp ved å løyve midlar til dette prosjektet. Felles interkommunalt planarbeid med sjøareal er gjort andre stadar i landet, mellom anna i Troms, og ein har sett på korleis arbeidet der har vore organisert der.

Planen er å organisere dette som eit interkommunalt samarbeid slik plan og bygningslova gir heimel for i § 9. Dette er gjort med godt resultat i Troms, og forslaget er å følgje om lag same modell. Interkommunal plan for sjøareal består av enkeltplanar (frå kvar kommune som deltek), men det er gjort samla vurderingar.

Eit slikt samarbeid legg til grunn at deltakande kommunar delegerer planmynde til eit interkommunalt planutval (IKPU/planutvalet) med ein representant med vara per kommune. Jf. [§§ 9-2 og 9-3](#). Det interkommunale planutvalet får ansvar for planstart, utarbeida og fastsetja felles planprogram og plan. Planutvalet har vidare ansvar for offentleg ettersyn, merknadshandsaming og innstilling til dei respektive kommunestyra. I dei kommunane som har eige planutval er det naturleg at den som er leiar i planutvalet vert valt og at nestleiar vert vara.

Det endelege planvedtaket skal gjerast i kvar enkelt kommune, og berre for eige planområde. Det endelege produktet er mange enkeltplanar laga over same mal med ein samla vurdering og utgreiing.

Kvar einskild kommune må ha planprosessar for sine areal som om det var ein eigen planprosess. IKPU har ansvaret for å sjå desse enkeltplanane i samanheng, og å syte for heilskapen i den regionale planen. I dialogen og høyring med næring og regionale mynde så vert det samordna av IKPU.

Erfaringar frå andre interkommunale prosjekt viser at denne modellen er mest effektivt med tanke på å leia fram til ein endeleg plan. For å lukkast må det vere god lokal forankring. Det er lagt føringar for korleis rapporteringa frå representanten i IKPU skal rapportera til politisk nivå i eigen kommune.

Organisering er skildra nærare i prosjektplanen.

## **Tidsplan**

Dei deltakande kommunane må først gjera vedtak om deltaking og utnemna medlemmar til interkommunalt planutval i løpet av tidleg haust 2020. Utarbeiding av planprogram kan gjerast i løpet av hausten 2020. Planprogrammet vert sendt på høyring 2020/2021 saman med melding av planoppstart.

Første del vil vera prega av arbeid med å få inn innspel frå innspelgrupper, næringsaktørar og innbyggjarane våre. Det er forventa at prosjektet kan presentere det som er kome inn av innspel i løpet av hausten 2021. Bearbeiding av innspel, konsekvensutgreiing og utforming av første forslag til plan vil prega første halvår av 2022. Det er forventa at første forslag til plan kan leggest ut på høyring hausten 2022, og at endeleg forslag til plan kan sendast kommunane i løpet av våren 2023.

Framdriftsplanen må lagast i detalj når IKPU er etablert.

## **Vurdering, økonomi og ressursbruk**

Prosjektet si finansiering vert eit spleiselag mellom kommunane og Fylkesmannen. Fylkesmannen har løyvd skjønnsmidlar til prosjektet og det er planlagd ein ny søknad i 2021 til fylkesmannen og det vil også bli vurdert å søkje midlar andre stader. Dersom søknadane ikkje slår til, er det rekna med ein direkte kostnad samla for alle kommunane på 3,2 mill. kr i løpet av 4 år.

Kommunane må delta aktivt i planprosessen med eigne tilsette og folkevalde. Det er lagt opp til at kommunane må bruka om lag ein 5-10 % stilling administrativt (ca. 300 timer over 2,5 år) og 3-4 % stilling av folkevalde (120 timer over 2,5 år). Kommunane sin eigenandel er bruk av eigne tilsette og

folkevalde i planarbeidet.

Alle medlemskommunane i Regionrådet er tenkt å vere med i den interkommunale planen. Det gjeld kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen og Osterøy.

### **Konklusjon**

Viser til sak 21/20 i Regionrådet sitt møte 05.06.20 der prosjektplanen for Interkommunal plan for sjøareal vart lagt fram.

Rådmannsutvalet hadde handsama saka i møte 29.05.20 og oppmoda om at Regionrådet slutta seg til prosjektplanen

Regionrådet slutta seg til prosjektplanen og oppmodar kommunane om å handsame denne saka i første kommunestyremøte hausten 2020.

Regionrådet gjorde følgjande vedtak:

### **Vedtak:**

Regionrådet stiller seg bak forprosjektet og vidare plan. Regionrådet rår kommunestyra å bli med i den interkommunale planen for sjøareal og velje medlem med vara til interkommunalt planutval for sjøareal i Nordhordland (IKPU).

Regionrådet stiller seg bak dette forslaget til kommunestyrevedtak:

1. NN kommune vedtar å slutte seg til å delta i interkommunalt plansamarbeid om sjøareala i Nordhordland, med forslag til organisering, som beskrive i forprosjektet «Interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland» datert 05.06.2020.
2. Planmynde vert delegert i henhold til plan- og bygningsloven §§ 9-1, 9-2 og 9-3, til interkommunalt planutval for sjøareal i Nordhordland (IKPU). Dette utvalet vil då ha mynde til å varsle planoppstart, vedta planprogram og gjennomføre planprosessen frem til politisk behandling i kommunestyret i NN kommune.
3. NN kommunestyre vedtar at IKPU består av ein representant med vara frå kvar medverkande kommune.
4. NN kommune vel xx til medlem med xx som varamedlem til IKPU. Utvalet konstituerer seg sjølv i første møte.

Regionrådet slutta seg til prosjektplanen og oppmodar kommunane om å handsame denne saka i første kommunestyremøte hausten 2020.

Rådmannen rår kommunestyret å bli med i den interkommunale planen for sjøareal og velje medlem med vara til interkommunalt planutval for sjøareal i Nordhordland (IKPU).

## **Kommunestyret - 041/2020**

### **KS - behandling:**

Ordføreren orienterte.  
Samrøystes vedteke

### **KS - vedtak:**

1. Modalen kommune vedtek å slutte seg til å delta i interkommunalt plansamarbeid om sjøareala i Nordhordland, med forslag til organisering, som beskrive i forprosjektet «Interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland» datert 05.06.2020.
2. Planmynde vert delegert i henhold til plan- og bygningsloven §§ 9-1, 9-2 og 9-3, til interkommunalt planutval for sjøareal i Nordhordland (IKPU). Dette utvalet vil då ha mynde til å varsle planoppstart, vedta planprogram og gjennomføre planprosessen fram til politisk behandling i kommunestyret i Modalen kommune.
3. Modalen kommunestyre vedtek at IKPU består av ein representant med vara frå kvar medverkande kommune.
4. Modalen kommune vel ordførar Kjetil Eikefet til medlem med varaordførar Ann-Jorunn Farestveit som varamedlem til IKPU. Utvalet konstituerer seg sjølv i første møte

### **Vedlegg:**

Forprosjekt - interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland